



Statens vegvesen

Norges vassdrags- og energidirektorat
Postboks 5091 Majorstuen
0301 OSLO

200806822-16

KSK/HNL

201200880

200904056

201003706

200905878

201101388

201000223

Behandlande eining:
Region vest

Sakshandsamar/innvalsnr:
Janne Ølmheim - 48024186

Vår referanse:
2015/004953-002

Dykkar referanse:
201200880-16

Vår dato:
15.01.2015

Uttale - Vassdragsregulering - 7 småkraftverk i Aurland, Vik, Høyanger og Balestrand kommunar - Skjerdal kraftverk, Kvammadalselvi kraftverk, Tura kraftverk, TVK kraftverk, Kråkeelvi kraftverk, Brekka kraftverk og Dyrdalselva kraftverk

Vi viser til e-post datert 12. januar 2015 gjeldande søknad om løyve til å byggje 7 småkraftverk i kommunane Aurland, Vik og Høyanger i Sogn og Fjordane.

Generelt

Statens vegvesen sine interesser i alle plan- og forvaltningssaker omfattar primært etaten sitt ansvar for planlegging, bygging, drift og vedlikehald av riks- og fylkesvegnettet. Vår hovudmålsetjing er å leggje til rette for trygg og god trafikkavvikling, eit godt miljø og i tillegg ta omsyn til naboar og samfunnsinteresser elles.

Nærføring av kablar

Etter veglova § 32 og § 57 skal ingen føre kablar, leidningar eller anna utstyr over-, under-, langs- eller nærare offentlig vei enn 3 meter frå vegkant utan løyve. Søknad om løyve til slike tiltak over, under eller langs riks- og fylkesveg skal i kvart høve sendast til Statens vegvesen.

Byggjegrænse til veg

Byggjegrænse fastsett i reguleringsplan gjeld for alle byggverk som til dømes transformatorstasjonar, massedeponi, riggområder og oppstillingsplassar med vidare. Der det ikkje fins reguleringsplan gjelder Rammeplanen for avkøyrslar og byggjegrænser på riks- og fylkesvegar i Region vest, sjå vedlegg. For tiltak innafor byggjegrænse til veg som ikkje er fastsett i reguleringsplan, må det søkast om dispensasjon frå Statens vegvesen, søknadsskjema finn de på www.vegvesen.no - skjemaer - søknad om avkjørsel eller dispensasjon frå byggjegrænse.

Avkøyrslar

Der det vert behov for ny vegtilkomst langs riks- og fylkesvegar som ikkje er vist i reguleringsplan, utvida bruk av eksisterande avkøyrslar eller mellombels avkøyrslar, må det søkjast Statens vegvesen. Avkøyrslar må utformast i samsvar med handbok N100 Veg- og

Postadresse
Statens vegvesen
Region vest
Askedalen 4
6863 Leikanger

Telefon: 02030
Telefaks: 57 65 59 86
firmapost-vest@vegvesen.no
Org.nr: 971032081

Kontoradresse
Skrivarvegen 3, Tinghus III
6863 LEIKANGER

Fakturaadresse
Statens vegvesen
Landsdekkende regnskap
9815 Vadsø
Telefon:
Telefaks:

gateutforming og handbok V121 Geometrisk utforming av veg- og gatekryss, desse finn de på www.vegvesen.no - fag - håndbøker.

Spesialtransport

Når store og tunge konstruksjonar skal transporterast må det søkast om eige løyve, søknadsskjema ligg på www.vegvesen.no - veglister/dispensasjoner - søknad om dispensasjon for spesialtransport.

Vegavdeling Sogn og Fjordane
Med helsing


Magna Vangsnes
seksjonsleiar



Janne Ølmheim